

Birgitte Sæter Hånes

Standardtalemål eller dialekt i andrespråksundervisninga?

Bacheloroppgåve i SPRÅK2900

Veileder: Brit Mæhlum og Cecilie Slinning Knudsen

Mai 2019

Birgitte Sæter Hånes

Standardtalemål eller dialekt i andrespråksundervisninga?

Bacheloroppgåve i SPRÅK2900

Veileder: Brit Mæhlum og Cecilie Slinning Knudsen
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Innholdsliste

1.0 Aktualisering og avgrensing	2
2.0 Hovuddel	3
2.1 Det norske språksamfunnet	3
2.2 Kva seier læreplanane for andrespråksundervisninga?	6
2.3 Standardtalemål - nytteverdien av skriftnærleik	7
2.4 Dialektene sin integreringsgevinst	10
3.0 Konklusjon	12
4.0 Litteraturliste	14

Standardtalemål eller dialekt i andrespråksundervisninga?

1.0 Aktualisering og avgrensing

I undervisningssamanheng blir dei minoritetsspråklege presentert for eit skriftnært standardtalemål, noko som fører til ein del kommunikasjonsproblem når dei går ut i den norske språkverkelegheita. Russiske Tatjana har lært seg norsk på rekordtid, men beklagar seg over dei språklege krava som blir stilt til ho i møtet med ein trøndersktalande mann og ei svigermor frå Stavanger (Øvregaard, 2008). Tatjana tilfredstilte dei krava som blei stilt til ho i norskopplæringa, men fekk problem med krava som blei stilt til ho som vanleg samfunnsborgar. Sidan nordmenn sjeldan tilpassar talemålet sitt til ein meir skriftnær tale, altså eit standardtalemål, vil andrespråksinnlærarane truleg ha vanskar med å forstå at frasar som «vetsje» og «jeg vet ikke» har same innhald (Molde, 2017). Den sterke tradisjonen med å bruke eit standardtalemål i andrespråksopplæringa og den fråverande aksepten for normalisering av nordmenn sitt talemål, fører ofte til forståingsproblem ute i lokalsamfunnet. Primært er dette eit problem som oppstår i dei delane av landet der det er lite samsvar mellom det lokale talemålet og skriftspråket. Denne problematikken som krinsar rundt distinksjonen mellom dialekt og standardtalemål, utgjer sjølve kjernen i debatten om kva slags munnleg opplæringsspråk andrespråksinnlærarane bør få.

Problemstillingar knytt til munnleg opplæringsspråk i andrespråksundervisninga har ikkje blitt hyppig diskutert, verken i media eller i fagleg samanheng. Likevel finst det enkelte artiklar og masteravhandlingar som problematiserer forholdet mellom dialekt og standardtalemål. Anita Øynes si masteravhandling *Talemål i undervisninga av norsk som andrespråk – en sosiolingvistisk individstudie* frå 1995, og Inger Agnete Reppen si masteravhandling «*Det viser seg at du er ekte nordmenn i stedet*». *Andrespråksbrukere, sted og tilhørighet* frå 2011, kastar begge lys over den mangelfulle kunnskapen mange har i samband med val av opplæringsspråk i andrespråksundervisninga. Sidan desse masteravhandlingane tek for seg vaksne innvandrarak, er det desse som vil bli sett fokus på i denne oppgåva. Problemstillinga som vil bli drøfta i det følgjande er derfor: *korleis er statusen mellom dialekt og standardtalemål i undervisninga av norsk som andrespråk?*

2.0 Hovuddel

2.1 Det norske språksamfunnet

Forholdet mellom dialekt og standardtalemål er i stor grad forma av det norske språksamfunnet. På grunn av at vi har to offisielle skriftspråk, bokmål og nynorsk, og ei rekke ulike dialekter, kan ein fastslå at det norske språksamfunnet er svært komplekst. Dette kan ein illustrere ved å trekke fram skilnadane mellom skriftspråka, der bokmål er bygd på det danske skriftspråket, medan nynorsk er bygd på norske dialekter. I 2017 var 87,7 prosent av grunnskuleelevane bokmålselevar, medan 12,2 prosent var nynorskelevar (Gunnerud, 2017). Når elevane fortset i den vidaregåande skulen og seinare går vidare til høgskular og universitet, er nynorskandelen redusert til berre eit par prosent (Gunnerud, 2017). Den dominerande posisjonen bokmål har i storsamfunnet er derfor ein følge av at majoriteten av nordmenn har dette som sitt skriftspråk. På grunn av at dialektene ofte skil seg frå bokmål, oppstår det eit manglande samsvar mellom skriftspråk og talemål. Det språklege mangfaldet i norsk kan derfor bli eit problem når minoritetsspråklege kjem til Noreg for å lære seg norsk.

Sidan undervisningsspråket i andrespråkundervisninga er knytt til distinksjonen mellom dialekt og standardtalemål, er det nødvendig å definere desse omgrepa. Både standardtalemål og dialekt kan oppfattast som abstrakte størrelsar med uklare grenseovergangar, og det er derfor vanskeleg å gi ein eintydig definisjon av omgrepa (Øynes, 1995, s. 18). Omgrepa er likevel til ein viss grad implementert i allmennkunnskapen vår via bestemte verdiar og konnotasjonar. Dette forklarar Brit Mæhlum (2007) ved at den verdien og dei konnotasjonane som blir knytt til ein gitt språkleg varietet, er eit resultat av eit sett komplekse sosiokulturelle, politiske og historiske mekanismar (s. 38). Sjølv om omgrepa er stiliserte og idealiserte, blir dei likevel sett på som funksjonelle reiskap for å forklare språkleg variasjon i eit samfunn (Øynes, 1995, s. 18). For å seie noko om korleis aksen dialekt-standard fungerer i praksis, er det likevel nødvendig med meir presise definisjonar.

I Noreg har ikkje vi eit offisielt standardtalemål. Som følge av dette, har fleire språkforskarar diskutert om det i det heile tatt eksisterer eit standardtalemål her til lands. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift 1/2009*, som er eit temanummer om «standardtalemål», blir denne termen tatt opp til diskusjon. Her argumenterer Mæhlum (2009) for at det finst ei slags uoffisiell norsk

standardtalemålsnorm som ligg tett opp mot skriftspråket.¹ I og med at vi har to offisielle skriftspråk i Noreg må ein rekne med at det finst både eit standardtalemål basert på bokmål og eit standardtalemål basert på nynorsk. Sidan det ikkje eksisterer ein offisiell talemålsstandard i Noreg, blir det brukt lingvistiske merkelappar for å identifisere denne standarden (Mæhlum, 2009, s. 13). Nokre av dei vanlegaste brukte blant fagfolk er *standard austnorsk, søraustnorsk standardtalemål, danna austnorsk* og *talt bokmål* (Mæhlum, 2009, s. 13). Dette viser tydeleg at eit norsk standardtalemål som oftast blir assosiert med majoritetsskriftspråket bokmål. Det nynorsknære standardtalemålet ser derfor ut til å ha lita betyding i storsamfunnet, noko som truleg er ein konsekvens av det ujamne statusforholdet mellom bokmål og nynorsk. I det følgjande er det derfor det bokmålsnære standardtalemålet som står i fokus.

Ifølge Mæhlum (2009) eksisterer det uoffisielle norske standardtalemålet som ei overdialektal, landsgyldig, ukodifisert norm i det norske språksamfunnet (s. 12). Denne koden signaliserer status og prestisje, og er allment akseptert som det korrekte språket (Mæhlum, 2009, s. 9). Dersom ein ser dette i lys av skriftspråka, er det bokmål som blir oppfatta som det korrekte språket på landsbasis. Mæhlum (2009) plasserer såleis dei ulike språklege varietetane i eit prestisjehierarki, der eit standardtalemål oppheld seg på toppen (s. 9). Plasseringa til standardtalemålet legitimerer Mæhlum (2007) ved å peike på den udiskutable funksjonen det har som ein sosial prestisjevarietet (s. 39). På grunn av dei komplekse språkhaldningane som eksisterer her til lands kan det likevel vere verdt å stille spørsmål om standardtalemålet verkeleg symboliserer status hos andrespråklærarar eller nordmenn generelt, eller om standardtalemålet rett og slett blir sett på som unaturleg, uekte og ukjent. Desse spørsmåla er det derimot vanskeleg å få eintydige svar på, men dei er likevel viktige å ha i bakhovudet når ein ser på utbreiinga av dialekt og standardtalemål i andrespråksundervisninga.

På den andre sida blir dialekt, eller målføre, definert som eit geografisk avgrensa språkssystem (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 25-26). Også denne termen er omdiskutert blant språkforskarar. Øynes (1995) skil i si masteravhandling mellom to definisjonar av dialekt. I den tradisjonelle definisjonen blir dialektene sett på som stabile språkssystem som kan plasserast i forhold til ei tradisjonell målføreinndeling, medan i den vide definisjonen blir standardtalemål

¹ Helge Sandøy (2009) representerer motparten i debatten om eksistensen av eit standardtalemål i Noreg. Sandøy meiner altså at vi ikkje har eit standardtalemål, men at denne talemålsvarieteteten (søraustlandsk) fungerer som ei prestisjedialekt.

inkludert i dialektomgrepet (s. 20). Den sistnemnte definisjonen som omfattar bygde-, by-, og standarddialekter, vil bli brukt vidare i oppgåva.

I samband med val av munnleg opplæringspråk i andrespråksundervisninga, vil det vere aktuelt å trekke fram den særeigne posisjonen dialektene har her til lands. Den unormalt høge statusen dialektene har, er truleg eit resultat av den allmenne aksepten dialektene har i ulike situasjonar. Dialektbruk blir såleis ofte forbunde med positive konnotasjonar som «identitet, tradisjon, røtter, samhold og ekthet» (Øvregaard, 2008). På den andre sida står eit normalisert talemål mykje sterkare i dei fleste andre europeiske land (Øvregaard, 2008). Eit døme på land med meir «normale» språkhaldningar, er Frankrike. Her representerer standardfransk det offisielle og urbane, medan oksidiansk, eller sørfranske dialekter, representerer bondekulturen og det rurale (Mæhlum, 2007, s. 41). Følgeleg er oksidiansk prega av negative konnotasjonar og har dermed mykje lågare status enn standardfransk. Dette dømet illustrerer tydeleg at det eksisterer bestemte haldningar knytt til aksen dialekt-standard, men at desse berre til ein viss grad samsvarar på tvers av ulike land. I samband med dette skisserer Mæhlum (2007) allmenne verdiar og teoretiske betraktningar som bidreg til å skape denne prinsipielle kontrasten mellom dialekt og standardtalemål (s. 56-57). Desse er som følger (etter Mæhlum 2007:57):

Dialekt

Spesifikk, geografisk tilknytning
Mindre prestisjefullt, stigmatisert
Uformelt, kvardagsleg, privat
Ruralt, distriktstilknytt
Tradisjonelt

Standardtalemål

Overregionalt, geografisk nøytralt
Prestisjefullt
Formelt, offisielt
Urbant, sentralt
Moderne

Sjølve utgangspunktet for statusforholdet mellom standardtalemål og dialekt, og mellom skriftspråk og talemål, er basert på desse kontrasterande verdiane som Mæhlum (2007) har skissert. Ifølge Øynes (1995) kan dette statusforholdet knytast til inndelinga av samfunnet i ein offentleg og ein privat sfære (s. 24). Skriftspråk og standardtalemål vil såleis vere knytt til den offentlege sfæren, medan talemål og dialekt vil vere knytt til den private sfæren. I det offentlege kan ein til dømes trekke fram retningslinjene for munnleg språkbruk i NRK som ein framstående normeringsinstans når det gjeld folket si oppfatning om at det finst enkelte former for norsk som er meir korrekte enn andre (Reppen, 2011, s. 51). Uttalen til programleiarane i

nyhendesendingane skal nemleg basere seg på offentleg rettskriving, som i dei fleste tilfella impliserer eit bokmålsnært talemål (Øynes, 1995, s. 25). På den andre sida blir normalisering i den private sfæren ofte stempla som «knot», altså brot på dialektnormene (Molde, 2017). Dette fører til at minoritetsspråklege i kommunikasjon med nordmenn blir møtt av ytringar på lokal dialekt eller engelsk (Molde, 2017). Dette omtalte statusforholdet viser tydeleg at det eksisterer skjulte normer om at dialekt og standardtalemål bør ha kvart sitt funksjonsområde (Øynes, 1995, s. 26). Det vil derfor vere hensiktsmessig å sjå nærmare på kva læreplanane for andrespråksundervisninga faktisk nemner om relasjonen dialekt-standard.

2.2 Kva seier læreplanane for andrespråksundervisninga?

Husby (2009) har gjennomgått læreplanane for å finne svar på kva som skal definerast som munnleg målspråksform for vaksne minoritetsspråklege som skal tileigne seg norsk som andrespråk. Dei ulike læreplanane for andrespråksopplæringa har nemleg variert i innhald, særleg når det gjeld presisering av målspråket. I sin gjennomgang konkluderer Husby (2009) med at dei einaste planane som skildrar målspråket ved hjelp av termar som «standardtalemål» og «lokalt talemål», er planane i perioden 1988-1992 (s. 27). Planane før og etter dette, inneheld ikkje desse termene. I desse planane er målskildringane gitt ei meir funksjonell tilnærming (Husby, 2009, s. 27). Dei funksjonelle tilnærmingane er ifølge Husby (2009) eit resultat av at ein ikkje har ein offisiell talemålsstandard i norsk, at dette er eit relativt nytt fagfelt, og at mykje av den tidlegare innvandringa var konsentrert til Austlandet, altså eit område der dialektene viser større samsvar med bokmål enn i andre delar av landet (s. 27). Særleg den sistnemnte faktoren har bidrege til at den bokmålsnære norsken har blitt dominerande innanfor vaksenopplæringa (Husby, 2009, s. 34).

I den gjeldande læreplanen, *Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for norske innvandrarakar* (Vox, 2012), finn ein ingen presise retningslinjer for kva slags munnleg opplæringsspråk som skal nyttast i andrespråksopplæringa. I staden for å presisere kva slags norsk dei minoritetsspråklege skal lære, blir det lagt vekt på at «Språk læres gjennom kommunikasjon og i samhandling med andre.» (Vox, 2012, s. 7). Dette viser at fokuset er retta mot funksjonaliteten til språket og etableringa av ein kommunikativ kompetanse. Til dømes skal deltakarane kunne «delta i enkle samtaler, forutsatt at samtalepartneren snakker langsamt og tydelig og er støttende» (Vox, 2012, s. 13). Dette er også nemnt i den gamle læreplanen frå 2005, noko Husby (2009) kommenterer slik: «Selvsagt finnes det både langsam og tydelig dialektal tale, men jeg

vil likevel lese inn i dette at målet er en boknær uttale.» (s. 33). Med bakgrunn i Husby sin merknad, kan ein dermed forklare kvifor det har vore vanleg at lærarane bruker ei talt utgåve av skriftspråket i undervisninga.

Vidare er læreplanen delt inn i fire nivå, der deltakarane kan vere på ulike nivå i dei ulike ferdigheitene lytte, snakke, samtale, lese og skrive. Sjølv om fokuset primært er retta mot funksjonaliteten til språket, kan ein finne kompetansemål som omfattar dialekt og/eller standardtalemål. For å illustrere dette kan ein ta for seg kompetansemåla som er retta mot dialekt i dei ulike nivåa. Allereie i det enklaste nivået, Lytte A1, skal deltakarane kunne «forstå enkle vanlige lokale dialektuttrykk» (Vox, 2012, s. 14). Kravet i det vanskelegaste nivået, Lytte B2, er derimot langt meir krevjande sidan deltakarane skal kunne «forstå dialektene når den som snakker, tilpasser språket til en viss grad (Vox, 2012, s. 20). Dette medfører eit ganske stort sprang mellom kompetansemåla, noko som kan forklare kvifor ein del innvandrara opplever kommunikasjonsproblem i samtale med nordmenn. For at deltakarane skal kunne nå desse måla, er det derfor essensielt at dei blir introdusert til den lokale dialekta i undervisninga.

På den andre sida kan ein også finne kompetansemål som rettar fokuset mot eit standardtalemål. Deltakarane skal til dømes kunne ha «innsikt i hvordan tale kan representeres i skrift», og dei skal kunne «forstå i detalj det som er rettet mot en personlig, når det brukes et normert talespråk» (Vox, 2012, s. 13 og 20). Følgeleg kan desse kompetansemåla oppfattast som ei favorisering av standardtalemålet, då dette talemålet er likast skriftspråket bokmål, som andrespråksundervisninga hovudsakleg baserer seg på. Ut i frå dei omtalte kompetansemåla, kan ein derfor tydeleg sjå at læreplanen reflekterer den pluralistiske språksituasjonen her til lands til tross for at den ikkje eksplisitt nemner kva slags målspråk lærarane skal ta i bruk.

2.3 Standardtalemål - nytteverdien av skriftnærleik

Sjølv om målspråksforma ikkje er presisert i læreplanane, har undervisninga i norsk som andrespråk tradisjonelt sett gått føre seg på eit standardtalemål. Ifølge Husby (2009) kan den sterke tradisjonen med å bruke eit standardtalemål forklarast ved at andrespråksopplæringa som oftast skjer gjennom bruk av læreverk på bokmål, noko som medfører at lærarane bruker eit bokmålsnært talemål med læreboka som styrande prinsipp (s. 9). Det kan vere både praktisk og arbeidssparande for lærarar å undervise ut i frå læreboka i staden for å bygge opp ein munnleg kompetanse utan hjelp frå lærebøkene (Øynes, 1995, s. 82). Dessutan vil det truleg forenkla

innlæringsprosessen for dei minoritetsspråklege dersom talemålet ligg tett opp mot skriftspråket. Sidan både læreverka og media generelt er dominert av bokmål, vil det derfor vere fordelaktig å gi opplæring på eit skriftnært talemål. I samband med dette kan det vere interessant å undersøke korleis språkhaldningane til både elevane og lærarane påverkar synet deira på standardtalemål som munnleg opplæringspråk i norsk som andrespråk.

Det munnlege opplæringspråket har blitt via lite merksemd til i andrespråksforskinga og Anita Øynes (1995) er ein av dei første som verkeleg tek tak i denne problematikken. Gjennom feltarbeidet sitt konstaterer Øynes (1995) at standardtalemål, eller «talt bokmål», er det dominerande talemålet i andrespråksopplæringa (s.127-128). I tilknytning til feltarbeidet registrerte ho mellom anna den moglege koplinga mellom dei framandspråklege sine ønske om munnleg opplæringspråk og deira kulturelle bakgrunn (Øynes, 1995, s. 96). Andrespråksinnlærarane kjem ofte frå nasjonar der standardtalemål blir brukt i visse situasjonar, til dømes i skulen, og dei tek derfor med seg denne forventninga når dei skal lære norsk. I og med at nordmenn har eit unormalt positivt forhold til dialekter samanlikna med mange andre land, blir dermed andrespråksinnlærarane sine språkhaldningar ofte sett på som ein motpol. Dette kan ein illustrere ved å trekke fram dei negative haldningane elevinformantane til Øynes har til dialekter. Enkelte av elevinformantane karakteriserer dialektene som «stygge», medan dei skildrar standardtalemålet som «fint» (Øynes, 1995, s. 102). I tillegg blir nemningane «stygg» og «fin» brukt om dialektene er vanskelege eller enkle å forstå. Desse verdiane kjem såleis til uttrykk ved at nokre av elevinformantane ønsker undervisning på «talt bokmål» (Øynes, 1995, s. 97).

Ønsket om å lære eit standardtalemål grunngir elevinformanten Lien med at heile Noreg kan dette talemålet og med at ho ønsker å identifisere seg med storsamfunnet (Øynes, 1995, s. 123). Dette ønsket illustrerer derfor tydeleg at minoritetsspråklege har med seg språkhaldningane frå heimlandet sitt. Øynes (1995) tolkar Lien sitt ønske slik: «Det at hun eksplisitt foretrekker et standardtalemål, kan tyde på at hun styres mer av statusfaktoren enn av solidaritetsfølelsen overfor språknormene i hennes eget sosiale nettverk.» (s. 123). Lien sine språkhaldningar kan ein derfor sjå i lys av standardtalemålet si plassering på toppen av prestisjehierarkiet. I tillegg bør Lien sin påstand om at alle nordmenn kan standardtalemål utdjupast. Sjølv om dei fleste nordmenn forstår og klarer å uttrykke seg på eit standardtalemål, er det få som faktisk normaliserer talemålet sitt i møtet med minoritetsspråklege (Molde, 2017). Dette viser at Lien si oppfatning ikkje stemmer overeins med realiteten. Molde (2017) forklarar dette ved at

«knoting» ofte blir negativt oppfatta av andre nordmenn. Ifølge Molde (2017) bør derfor nordmenn bli bevisst på at dialektbruk kan skape ei ekstra utfordring for språkinnlærarane. For å betre kommunikasjonen med innlærarane påpeikar Molde (2017) at det er på tide at nordmenn aksepterer at folk tilpassar dialekta si.

På den andre sida vil det vere nyttig å undersøke kva slags språkhaldningar lærarane har til standardtalemål i undervisninga av norsk som andrespråk. Inger Agnete Reppen (2011) har i si masteravhandling tatt for seg det munnlege og skriftlege opplæringsspråket til somaliske innvandrere i nynorskommunen Vinje. I likskap med Øynes sine elevinformantar får også Reppen sine undervisning på skriftspråket bokmål og talemålet «talt bokmål». Norsklæraren Bjørg fortel nemleg at ho «snakkar bokmål» i andrespråksundervisninga til tross for at ho elles snakkar vinjemål og skriv nynorsk (Reppen, 2011, s. 42). Bjørg forklarar praksisen med å bruke bokmål i norskopplæringa med at det «berre har blitt sann» utan at det har vore særleg diskusjon rundt det (Reppen, 2011, s. 77). Dette er truleg eit resultat av den dominerande posisjonen bokmål har på landsbasis. Dei diffuse retningslinjene i læreplanane for norsk som andrespråk har sannsynlegvis også spelt ei avgjerande rolle for kvifor «talt bokmål» har blitt det dominerande talemålet i norskopplæringa.

Vidare kan val av både munnleg og skriftleg opplæringsspråk knytast til forholdet mellom minoritet og majoritet, noko Bjørg la vekt på i sin argumentasjon for å bruke standardtalemål i undervisninga. Dette språklege aspektet dreiar seg mellom anna om forskjellige pedagogiske og læringsmessige sider knytt til tospråklegheit (Mæhlum, 2007, s. 126). Ved å bruke bokmål og eit bokmålsnært talemål påpeikar Bjørg at ho skånar elevane for ein dobbel minoritetsstatus (Reppen, 2011, s. 87). Innvandrere som kjem til Noreg høyrer allereie til ein annan minoritet, og det er derfor tenkeleg at dei ikkje ønsker å assosiere seg med minoriteten i Noreg, som i dette tilfelle er knytt til nynorsk og dialekt. Dei negative haldningane mange nordmenn har til nynorsk kan i tillegg bli vidareført til innvandrarane. Sidan innvandrarane oppheld seg i ein minoritetssituasjon kan dei føle at dei står enda svakare ved å velje ei dialekt med låg prestisje samanlikna med eit meir standardisert talemål (Reppen, 2011, s. 86-87). Tilhøyrsløse til majoriteten blir derfor ofte brukt som argument for standardtalemål i norskopplæringa.

Lærarinformantane til Øynes (1995) grunnir valet om å bruke standardtalemål med at dei ønsker å redusere avstanden mellom skriftspråket og talemålet som elevane møter i andrespråksundervisninga (s. 128). Sidan den skriftlege opplæringa gjeng fører seg på bokmål,

vil det derfor vere formålstenleg for lærarane å bruke eit bokmålsnært standardtalemål. Lærarane reknar såleis med at eit manglande samsvar mellom skriftspråk og talemål vil forvirre elevane, og at eit auka samsvar vil forenkle innlæringsprosessen (Øynes, 1995, s. 128). Å forstå at språklege variasjonar som «jeg» og «e, æ, eg, i og je» har same meiningsinnhald er ikkje nødvendigvis enkelt for andrespråksinnlærarane. Derfor blir skriftnærleik ofte sett på som eit sentralt argument for at lærarane bruker standardtalemål som målspråk. «Talt bokmål» blir følgeleg eit resultat av eit pedagogisk forsøk på å jamne ut det manglande samsvaret mellom skriftspråk og talemål (Øynes, 1995, s. 82). Dette framhevar såleis at lærarane sine språkhaldningar påverkar valet av munnleg opplæringspråk. Dessutan viser det at prestisjehierarkiet stemmer i praksis ved at den prinsipielle relasjonen mellom standardtalemål og dialekt kjem til uttrykk i språkhaldningane.

2.4 Dialektene sin integreringsgevinst

Den norsk-somaliske samfunnsdebattanten Sumaya Jirde Ali kan vere med på å illustrere korleis dette statusforholdet mellom dialekt og standard fungerer i praksis. Ali (2018) snakkar nokre gongar på bodødialekt, og nokre gongar på austlandskdialekt, eller standardtalemål. Ho legg automatisk om til austlandsk når ho er i Oslo eller deltek i TV-sendingar, noko ho sjølv er klar over (Torp, 2018). Språkblandinga hennar har derimot ført til ein massiv kritikk retta mot talemålet hennar. Kritikken utspelar seg mellom anna på Twitter, der ikkje-bodøværingar masar om å få høyre dialekt, medan bodøværingar kjeftar på ho for å ha «gløymt dialekta si» (Ali, 2018). Dei mostridande haldningane knytt til distinksjonen dialekt-standard kjem tydeleg fram i denne kritikken. På den eine sida kan det søraustnorske talemålet symbolisere status og prestisje, noko som forklarar kvifor ho nyttegjer seg av dette talemålet i offentlege samanhengar. På den andre sida symboliserer bodødialekta tilhøyrse til lokalsamfunnet, noko som kjem til uttrykk ved at Ali bruker dette talemålet i den private sfæren og i møtet med andre bodøværingar.

Mange innvandrarakar opplever forståingsproblem ute i lokalsamfunnet etter dei er ferdige med norskopplæringa. Å introdusere andrespråksinnlærarane for eit bokmålsnært talemål i område der det er lite samsvar mellom skriftspråk og talemål, kan derfor vere problematisk. Øynes (1995) grunnir dette slik: «Siden fremmedspråklige elever på denne måten stadig hører et standardspråk både i skrift og tale, er det nærliggende å tro at forståelsesvansker med hensyn til den lokale dialekten øker ytterligere.» (s. 130). Ved å introdusere andrespråksinnlærarane

for eit standardtalemål kan ein også gi signal om at dialekt ikkje passar seg i undervisningssamanheng. Dette vil dermed stride mot praksisen i den norske skulen, der dialekt blir brukt av både elevar og lærarar. Å oppmuntre elevane til å setje seg inn i den lokale dialekta blir derfor vesentleg for at ein skal kunne skape positive assosiasjonar knytt til dialektene. Øynes (1995) foreslår mellom anna at lærarane kan venne elevane til å lytte til den lokale dialekta, anten ved at læraren sjølv snakkar den lokale dialekta eller ved at ein tek i bruk lytteprøver (s. 130).

Vidare har Reppen (2011) undersøkt korleis språkhaldningane til elevinformantane kjem til uttrykk i deira prefererte målpråksform. Alle dei somaliske informantane uttrykker eit sterkt ønske om å få undervisning på nynorsk og dialekt, noko dei rettferdiggjær ved å framheve integreringsaspektet (Reppen, 2011, s. 75). Ifølge informanten Safar viser dialekta at ein er ein ekte nordmann, og at ein er integrert i det norske samfunnet (Reppen, 2011, s. 98). For å konkretisere dette trekk Safar fram jobbintervju utanfor lokalsamfunnet som eit eksempel på at dialekta fungerer som eit signal på truverd og lojalitet (Reppen, 2011, s. 99). Ifølge Eldar Heide (2017) blir dialektbruk sett på som truverdigg ved at ein kan markere avstand frå dei som ikkje ønsker å integrere seg (s. 22). Ved å snakke dialekt kan dermed somaliarane frå Vinje markere avstand frå dei stereotypiane som blir stilt til somaliarane som ei gruppe (Reppen, 2011, s. 101). Dei somaliske informantane sitt positive syn på dialekt kan derfor forklare kvifor dei er kjent for å vere særleg godt integrert i det norske samfunnet (Reppen, 2011, s. 3). På eit seminar der direktøren i Språkrådet sa at innvandrarar med dialekt blir sett på som meir integrerte enn andre, fekk også Sumaya Jirde Ali openberringa «jeg må ha med meg bodødialekta» (Nattogdag, 2018). Både Ali og dei somaliske informantane framhevar dermed det positive integreringsaspektet ved å lære seg dialekt.

Fleire av elevinformantane til Øynes (1995) uttrykker eit ønske om å lære dialekt, i motsetning til Lien som føretrekker standardtalemål. Ønsket om å lære dialekt er først og fremst retta mot trøndersk, då det er dette talemålet elevinformantane møter ute i lokalsamfunnet. Forståinga av korleis folk pratar «på gata» blir derfor trekt fram som eit viktig argument for å lære seg dialekt (Øynes, 1995, s. 92). Til tross for at nokre av elevinformantane i utgangspunktet er negativt stilt til dialektbruk, har dei tileigna seg ein del dialektale trekk (Øynes, 1995, s. 94). Særleg det personlege pronomenet *æ* blir mykje bruk. Sidan elevinformantane bruker dialektord sjølv, hevdar Øynes (1995) at andrespråkslærarane ikkje treng å vere redde for å bruke eit meir dialekttilnærma talemål i undervisninga (s. 105). Dersom ein skal undervise nybegynnarar, kan

det derimot vere fordelaktig å gradvis innføre dialektord slik at avstanden mellom skriftspråk og talemål ikkje blir for stor.

Det enorme språkmangfaldet i det norske dialektlandskapet fører til at avstanden mellom dialekt og standardtalemål blir særleg framstående i enkelte delar av landet der dialektene ikkje samsvarar med skriftspråket. I slike område vil det derfor vere nødvendig å diskutere kva slags skriftleg opplæringspråk som er mest formålstenleg. Heilt sidan dei første norskkursa for vaksne innvandrarakom på 1970-talet, har det vore ein utbreidd praksis å gi opplæring på bokmål, også til dei som bur i nynorskkommunar (Fondevik og Osdal, 2018, s. 356). Ifølge norsklæraren Bjørg har dette også vore vanleg praksis i nynorskkommunen Vinje. Sidan nynorskkommunane ikkje er pliktige å tilby opplæring på nynorsk for vaksne innvandrarakom, har det dermed vore vanleg å undervise på majoritetsskriftspråket bokmål (Fondevik og Osdal, 2018, s. 364). Som vist tidlegare, er den same problematikken også gjeldande for undervisning på «talt bokmål».

Forståing av det lokale talemålet blir, som nemnt, sett på som eit viktig argument for å gi opplæring på dialekt. Tilsvarande kan dette argumentet rettferdiggjere nynorsk som skriftleg opplæringspråk. Sidan nynorsk er bygd på ei rekke dialekter, er det rimeleg å tru at dette nære sambandet mellom tale og skrift også legg eit godt grunnlag for å lære talemålet i kommunen (Fondevik og Osdal, 2018, s. 356-357). Det er derfor tenkeleg at ei opplæring i eit nynorsknært talemål som ligg nær dialekta i lokalsamfunnet, også kan ha ein sentral integreringsgevinst (Heide, 2017, s. 22). På denne måten kan val av skriftleg opplæringspråk spele ei sentral rolle for språklæring og integrering, noko dei somaliske informantane frå Vinje vektlegg i sin argumentasjon for opplæring i nynorsk. Reppen (2011) hevdar såleis at bruk av dialekt og nynorsk like gjerne kan vere starten som sluttresultatet på ein integreringsprosess (s. 102). Innføring av nynorsk og nynorsknær dialektopplæring vil derfor kunne minske avstanden mellom innvandrarakom og innbyggarakom i nynorskkommunar, og dermed framskande integreringsprosessen til innvandrarakomane (Heide, 2017, s. 22).

3.0 Konklusjon

Den store variasjonen ein møter i norsk blir sett på som ei særskilt utfordring når innvandrarakom skal lære seg norsk. I den gjeldande læreplanen for andrespråksundervisninga blir ein presentert for kompetansemål som er retta mot både dialekt og standardtalemål, men utan at det blir

presisert kva som skal vere målspråket. Den sterke tradisjonen med å bruke eit standardtalemål i andrespråksundervisninga fører til at dei fleste lærarane vel å undervise på denne talemålsvarieteteten, noko som blir illustrert ved at både Reppen og Øynes sine lærarinformantar gir opplæring på «talt bokmål». Dette valet blir grunnlagt ved at dei ønsker å redusere avstanden mellom talemål og skriftspråk, nettopp fordi dei meiner at eit auka samsvar vil forenkle innlæringsprosessen. Den framstående skriftlege og munnlege bokmålsdominansen gjer det også meir praktisk å gi undervisning på «talt bokmål». Følgeleg blir den utbreidde praksisen med å gi undervisning på standardtalemål i norsk som andrespråk ein konsekvens av den implisitte statusen og prestisjen denne talemålsvarieteteten har i storsamfunnet.

På grunn av at mange innvandrarakar opplever forståingsproblem ute i lokalsamfunnet etter dei er ferdige med norskopplæringa, kan det vere verdt å vurdere om ein i større grad bør innføre dialektopplæring i undervisninga av norsk som andrespråk. Til tross for at dialektene har ein særeigen posisjon her til lands, og fleire andrespråksinnlærarakar uttrykker eit sterkt ønske om å lære dialekt, er det ingen av dei nemnte andrespråkslærarakar som underviser på dialekt. I denne oppgåva har eg derfor forsøkt å trekke fram dei positive sidene ved dialektopplæring, med særleg fokus på integreringsgevinsten. Ved å snakke dialekt viser ein, ifølge elevinformantane til Reppen og Øynes, tilhøyrslø til lokalsamfunnet og truverdigheit utanfor lokalsamfunnet. Sidan integrering er ein sentral del av norskopplæringa, og sidan dialektbruk kan sjå ut til å fremme integrering, kan det oppfatast som overraskande at utbreiinga av dialekt i andrespråksundervisninga er såpass lita.

Som vist i oppgåva finst det både argument som favoriserer standardtalemål og som favoriserer dialekt som opplæringsspråk i andrespråksundervisninga. Det er likevel vanskeleg å avgjere korleis ein skal vektlegge dei ulike argumenta, og ein kan derfor tenke seg fleire moglege utfall basert på statusen og dei kontrasterande språkhaldningane minoritetsspråklege og nordmenn har til aksent dialekt-standard. Eit alternativ kan vere at nordmenn blir flinkare til å normalisere talemålet sitt i møtet med minoritetsspråklege, slik som Molde påpeikar, og på denne måten betre kommunikasjonen mellom språkinnlærarakar og nordmenn generelt. Eit anna alternativ kan vere å gi andrespråksinnlærarakar undervisning på den lokale dialekta, noko som vil styrke integreringa i det norske samfunnet. Avslutningsvis ønsker eg ikkje å konkludere med at det eine utfallet er betre enn det andre. Ein kan derfor konkludere med at andrespråkslærarakar står ovanfor store utfordringar og må ta omsyn til fleire faktorar når dei skal velje munnleg opplæringsspråk i andrespråksundervisninga.

4.0 Litteraturliste

- Ali, S. J. [Sumaya_jirde] (2018, 1. februar, 03:07) « Hvordan ha fucked up dialekt? » biografien til denne forvirrede bodøværingen som på ene siden er drittlei av ikke-bodøværing som maser om å få høre bodødialekt, og bodøværing som kjefter på en for å ha «glemt sin dialekt». Tweet. Tilgjengeleg frå: https://twitter.com/sumaya_jirde/status/959020298048802816 (sist henta 09.05.19)
- Fondevik, B. og Osdal, H. (2018) Norsk som andrespråk=bokmål? Kapittel 14 i A. K. H. Gujord og G. T. Randen (red.), *Norsk som andrespråk – perspektiver på læring og utvikling*. Oslo: CappelenDamm Akademisk
- Gunnerud, S. M. (2017) *Grunnskole-tall: 87,7 prosent bokmål, 12,2 prosent nynorsk*. Tilgjengeleg frå: <https://www.riksmallsforbundet.no/grunnskolen-877-bokmal-122-nynorsk/> (sist henta 04.05.19)
- Heide, E. (2017) Det norske språkmangfaldet og opplæringa i norsk som andrespråk. I *Norsklæreren* (3), 16-27 Tilgjengeleg frå: http://www.norskundervisning.no/wp-content/uploads/2016/02/Norsklæreren_3-17_Heide.pdf
- Husby, O. (2009) Talt bokmål: Målspråk for andrespråksstudenter? I *NOA Norsk som andrespråk 2/2009*, Oslo: Novus forlag, s. 9–40
- Molde, E. B. (2017) «Alle nordmenn snakker et annet språk enn vi studerer!». Tilgjengeleg frå: <https://sprakprat.no/2017/01/19/alle-nordmenn-snakker-et-annet-sprak-enn-vi-studerer/> (sist henta 11.04.11)
- Mæhlum, B. og Røynealand, U. (2012) *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Mæhlum, B. (2007) *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag
- Mæhlum, B. (2009) Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift 1/2009*, Oslo: Novus forlag, s. 7–26
- Natt&Dag (2018, 12. juli) *Sumaya: - Jeg fikk mitt første hatbrev I POSTEN etter to innlegg*. Tilgjengeleg frå: <http://www.nattogdag.no/2018/07/smil-gift-moter-sumaya-jirde-ali/> (sist henta 06.05.19)
- Reppen, I. A. (2011) «Det viser seg at du er ekte nordmenn i stedet». *Andrespråksbrukere, sted og tilhørighet*. Upublisert masteravhandling, Institutt for språk og litteratur, NTNU
- Sandøy, H. (2009) Standardtalemål? Ja, men...! En definisjon og ei drøfting av begrepet. I *Norsk lingvistisk Tidsskrift 1/2009*, Oslo: Novus forlag, s. 27-47
- Torp, O. [Programleiar] (2018, 28. februar). *Torp. Sumaya Jirde Ali*. [TV-program] Tilgjengeleg frå: <https://tv.nrk.no/serie/torp/2018/NNFA52022818/avspiller>

VOX (2012) *Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere*. Tilgjengeleg frå: https://www.kompetansenorge.no/contentassets/f6594d5dde814b7bb5e9d2f4564ac134/laereplan_norsk_samfunnskunnskap_bm_web.pdf

Øvregaard, Åsta (2011) *Når dialekt blir maktspråk*. Tilgjengeleg frå: <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/nw6xL/Nar-dialekt-blir-maktsprak> (sist henta: 10.04.19)

Øynes, Anita (1995). *Talemål i undervisninga av norsk som andrespråk – en sociolingvistisk individstudie*. Trondheim: NTNU

